



Meny Knarvik
KVERNHUSMYRANE 7A
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2415 - 18/24630

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
17.08.2018

Løyve til å knytte fettutskiljar på kommunalt leidingsnett Meny Knarvik - gbnr 188/764 Gjervik Ytre

Teknisk drift syner til søknad om løyve til å knytte fettutskiljar (3 m³) på kommunalt leidningsnett datert 13.08.2018.

Vedtak:

Teknisk drift har vurdert søknaden og vil gje NG Meny Vest (Meny Knarvik) – gbnr 188/764 løyve til å kople fettutskiljar på **3 m³** på kommunalt leidningsnett på følgjande vilkår:

- Løyve til å knytte fettutskiljar med **størrelse 3 m³** vert gitt ut i frå innsendt søknad og med berekningsgrunnlag for val av størrelse på anlegg.
- Tømmefrekvens for anlegg vert sett til **minimum 4 gonger per år**. Ved behov for ekstra tømning utanom fast tømmefrekvens, skal anleggseigar ta kontakt med tømmeoperatør for å få utført dette.
- Det skal takast **minimum 2 temperaturlogger** av anlegg, samt **1 prøveanalyse av utsleppsvatn**. Temperaturlogg skal utførast når anlegg er i full drift og over ei periode på 3 døgn. Loggeperiode kan ikkje omfatte søndager og mandager.

Ved temperaturen over 20°C kan kommunen auke tømme- og loggefrequens for anlegg. Det kan ved høge temperaturer òg være aktuelt å setje i gong andre tiltak for å få temperatur i anlegg ned. Dersom iverksette tiltak ikkje har noko effekt på anlegget kan kommunen pålegge bedriften å skifte dette ut.

- Fett frå ulike kilder har ulike smeltepunkt og eigenskapar. Fett løysast opp ved 20°C. **Optimal temperatur i anlegg er under 20° C**. For hver grad temperaturen stiger over dette desto dårlegare funksjon får anlegg. Ved 30°C har anlegg ingen funksjon slik at alt fett vert ført ut på kommunalt leidningsnett.
- Bruk av vaskemidlar (såpe) fører til at fett emulgerer og vert vanskeleg å skilje ut i anlegget. Berre godkjente vaskemidlar skal nyttast og bruken av desse skal avgrensast til eit minimum. Kommunen



forventar av Meny Knarvik går i dialog med kjemikalieleverandør, eventuell anna kompetanse, for å optimalisere bruken av kjemikalier.

Vi gjer merksam på at ein del kjemikalier vil påvirke anlegget sin reinsefunksjon.

- Minst ein gong i året skal anlegget tømmeast fullstendig, reingjerast grundig med varmt vatn. Spylevatn skal ikkje førast ut på kommunalt leidningsnett, men førast til slambil. Alle overflater skal kontrolleras og vedlikehaldas (gjeld òg tidsur, skrapeverk, pumper og ventiler etc.)
- Det skal sendast inn ny avtale med tømmeoperatør for nytt anlegg. Avtalen skal omfatte 4 tømningar, 2 temperaturlogger og 1 prøveanalyse av utsleppsvatn. Kopi av avtale skal sendast inn til kommunen omgåande da anlegg er teke i bruk.
- Anleggseigar skal ha jamnleg tilsyn av anlegg for å unngå driftsproblem, som til dømes gjenntetting av rør, oversvømmelse/tilbakeslag og luktproblem. Anleggseigar skal sørge for at anna avfall ikkje vert ført til anlegg (slam, stein, matrestar, plasthanskar etc).
- Bedriften skal ha ei mappe med nødvendig dokumentasjon for anlegg (tømmerapportar, temperaturlogger, vedlikehaldsrapport, analyserapport etc). Mappen skal være tilgjengeleg for kommunen ved kontroll.
- **ÅRSRAPPORT** : Det skal sendast inn årsrapport for anlegg kvart år. Årsrapport skal innehalde kopi av tømmerapportar, temperaturlogger, analyse av vassprøve og driftsjournal. Kommunen sine skjema skal nyttast. Rapporten skal være kommunen i hende seinast **1 februar påfølgjande år**.

Bedrifter som har gode drifts-, vedlikehalds- og rapporteringsrutiner vil redusere kommunen sitt behov for å føre tilsyn

- **FERDIGMELDING**: Det skal sendast inn ferdigmelding for anlegg. Med ferdigmelding skal det sendast inn situasjonskart (VA-kart) som viser koplingspunkt på kommunalt leidningsnett. Det skal også leggest ved «AS BUILT» teikningar som viser kva som er ført på anlegg (utslagsvask, oppvaskemaskiner, kombidamper etc). Situasjonskart og teikningar skal være målsatt. Anlegg skal være innmålt. Ferdigmelding skal være godkjent av kommunen før anlegg vert teke i bruk.

Det er med heimel i «Standard Abonnementsvilkår for vann og avløp – Tekniske og Administrative bestemmelser», forskrift for fettutskiljar i Lindås kommune, «Utsleppsløve for Lindås kommune» Fylkesmannen i Hordaland, samt forureiningsforskrifta § 15A-4 at Teknisk drift skal setje krav til utskiljaranlegg som skal knyttast på kommunalt leidningsnett. Føremål med krava er å sikre at vegetabils og animalsk fett vert skilt ut frå avlaupsvatn, slik at dette ikkje vert ført ut på leidningsnettet og påfører dette og reinseanlegg skader. Vedtak fatta med heimel i «Standard abonnementsvilkår for vatn og avløp – Tekniske og Administrative bestemmelser» følgjer privatsrettslege regler og har difor ikkje formell klagerett.

Med helsing

Arne Helgesen
Avdelingsleiar vatn og avløp

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Flow Bjørgvin Vvs AS

Hesthaugvegen 18 5119

ULSET

Mottakarar:

Meny Knarvik

KVERNHUSMYRAN 5914
E 7A

ISDALSTØ